

# Retningslinjer for elevpermisjonar i grunnskulen i Lom



7.august 2023

## Innhald

1. Innleiing .....	3
2. Målgruppe og innhald .....	3
3. Permisjonsføresegna .....	3
3.1. Permisjon eleven har krav på .....	3
3.2. Permisjon eleven ikkje har krav på.....	3
4. Permisjonens varigheit .....	4
5. Vedtaket.....	4
6. Vurdering av permisjonssøknadar .....	4
7. Forsvarlegheitsvurderinga .....	5
8. Handsaming av udokumentert fråvær i skulen .....	5
9. Saksgang ved søknad om permisjon.....	5
10. Oversending av klagesak .....	6

## 1. Innleiing

Det er eit viktig premis for læring at elevane er til stades i skuletida. Skuleåret består av 190 dagar, det vil si at elevar og føresette har 175 dagar til feriar og anna ikkje opplæringsretta aktivitet.

Skulane i Lom vil med dette dokumentet sikre rett handsaming av søknadar om permisjon, og redusere omfanget av fråvær. Det er ikkje ein rett å få permisjon. Permisjon er noko skulen kan gje. Om skulen vel å innvilge permisjon, er det ein føresetnad om at det er forsvarleg å gje eleven fri frå opplæringa. Dette betyr at sjølv om det er forsvarleg for den enkelte elev å få fri, kan skulen likevel avslå søknaden. For å sikre lik handsaming av søknadar om permisjon, skal kommunen ha klare kriterie for når skulane gjev permisjon og når dei gjev avslag.

I dokumentet vert lovheimlane for å gje permisjon frå den lovpålagte opplæringa gjennomgått, og det vert gjeve føringar for korleis dette skal praktiserast i grunnskulen.

Handtering av søknadar er forankra i opplæringslova § 2-1 *Rett og plikt til grunnskoleopplæring*, fyrste, andre og femte ledd, og opplæringslova § 2-11 *Permisjon frå den pliktige opplæringa*.

## 2. Målgruppe og innhald

Handsaming av søknadar om permisjon frå opplæringa omfattar alle elevar i grunnskulen i Lom. Denne type handtering skal ikkje nyttast i samband med helsereelatert fråvær. Når det gjeld helsereelatert fråvær som til dømes legebesøk, tannlege eller liknande, skal skulens reglement for melding av dette følgjast.

## 3. Permisjonsføresegna

Permisjonsføresegna i opplæringslova § 2-11 er delt i to ledd. Fyrste ledd omfattar permisjonar eleven ikkje har krav på, og andre ledd permisjonar eleven etter søknad har krav på.

### 3.1. Permisjon eleven har krav på

Uavhengig av om det er forsvarleg etter opplæringslova § 2-11 fyrste ledd, har medlemmar av trussamfunn utanfor Den norske kyrkje, etter søknad, rett til permisjon på sitt trussamfunns heilagdagar. Det er regulert i § 2-11 andre ledd:

*(...)“Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skulen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.”(...)*

### 3.2. Permisjon eleven ikkje har krav på

For elevar som ikkje er omfatta av opplæringslova § 2-11 andre ledd, gjeld berre fyrste ledd der det vert slått fast at:

*(...)“Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.”(...)*

Skulen skal gjere ei todelt vurdering. Skulen skal fyrst vurdere om søknaden omfattar Retningslinene (sjå punkt 6). Om skulen kjem til at søknaden ikkje er innanfor retningslinene på kva det kan innvilgast permisjon for, skal søknaden avslås.

Dersom permisjonssøknaden er innanfor retningslinene på kva det kan innvilgast permisjon for, skal skulen ta stilling til om det er forsvarleg at eleven får permisjon. Det som er forsvarleg for ein elev, kan vere uforsvarleg for ein anna. Om skulen kjem til at det ikkje er forsvarleg å innvilge permisjon, skal søknaden verte avslått. Det må gjerast ei individuell vurdering som skal grunngjevast av omsyn til elevens opplæring, skulens undervisningsopplegg i permisjonstida og elevens fråvær og tidlegare permisjonshistorikk.

#### 4. Permisjonens varigheit

Opplæringslovas føresegn om maksimal permisjonstid på to -2- veker (10 skuledagar), er ufråvikeleg. Korkje rektor, tenesteleiar oppvekst eller statsforvaltaren kan innvilge ein elev samanhengande permisjon i meir enn to veker.

Ved søknad om elevpermisjon meir enn 10 dagar, skal eleven skrivast ut av skulen. Om eleven vert skrive ut av skulen i ei periode, skal foreldra dokumentere på kva måte skuleplikta er ivareteke, jf. opplæringslova § 14-3.

#### 5. Vedtaket

Vedtaket om permisjon frå den lovpålagte opplæringa er eit enkeltvedtak, og vedtaksfullmakta er delegert til skulens rektor.

#### 6. Vurdering av permisjonssøknadar

Retningslinene nedanfor seier noko om i kva situasjonar skulen kan innvilge permisjon, føreteke at dette er forsvarleg, og i kva situasjonar skulen ikkje skal innvilge permisjon. Det skal i grunnskulane i Lom ikkje innvilgast permisjon i periodar med førebuing til, og gjennomføring av:

- Statlege kartleggingsprøver
- Nasjonale prøver
- Eksamenar, munnleg og skriftleg

Det skal innvilgast permisjon til familiehendingar av særleg sorgprega karakter, til dømes dødsfall eller gravferd. Dette gjeld og på dagar der det vert gjennomført prøver eller førebuing til prøver.

Det kan innvilgast permisjon når eleven er teke ut til å delta ved idrettsleg eller kulturell konkurranse/stemne på nasjonalt eller internasjonalt nivå utanfor periodar med førebuing til og gjennomføring av statlege kartleggingsprøver, nasjonale prøver og eksamen.

Det vert hovudsakleg berre innvilga permisjon i dei tilfelle som er omtala i retningslinene. Retningslinene forutset at feriereiser vert lagt til årets 175 fridagar.

## 7. Forsvarlegheitsvurderinga

Innvilging av ein søknad om permisjon forutset at rektor finn det forsvarleg at eleven er borte frå skulen i eit stuttare tidsrom (sjå punkt 4). Relevante moment ved forsvarlegheitsvurderinga er mellom anna:

- Elevens faglege arbeid på skulen.
- Skulens undervisningsopplegg i permisjonstida.
- Elevens permisjonshistorikk.

## 8. Handsaming av udokumentert fråvær i skulen

Om elevar er borte frå opplæringa i lengre tid enn det er innvilga permisjon for, eller blir borte utan innvilga permisjon, er dette å sjå som udokumentert fråvær. Skulen skal då følgje gjeldande prosedyrar for fråværs-handtering. Om føresette får avslag på permisjon, og likevel vel å ta eleven ut av skulen, skal det varslast skulen om dette. Føresette er da ansvarlege for tapt undervisning.

Elevar som ikkje er gjort reie for etter overståande prosedyre, vert etter 10 skuledagar skrive ut av skulen. Dette gjeld og om skulen finn det sannsynleg at eleven oppheld seg i utlandet. Om skulen etter 10 skuledagar ikkje finn eleven eller om skulen finn eleven i Norge utan grunnskuleopplæring, skal saken sendast kommunalsjefen for vurdering av ytterlegere tiltak.

Sjå og Utdanningsdirektoratets rettleiar for skular og skuleeigar - Barn som ikkje møter på skule:  
<http://www.udir.no/Regelverk/Finn-regelverk-for-opplaring/Finn-regelverk-etertema/Skoleeiers-ansvar/Barn-som-ikke-moter-pa-skolen---Veileder-for-skoler-ogskoleeier>

## 9. Saksgang ved søknad om permisjon

Alle søknadar om permisjon skal sendast til, og svarast ut ved den enkelte skule. Søknad om permisjon skal vanlegvis vere skulen i hende ein månad før ynskt permisjon skal starte. Lom kommune krev at slik søknad skal kome frå ein av foreldra eller den som har det daglege ansvaret for barnet.

Merk og at den av foreldra som har foreldreansvar, men som barnet ikkje bur fast hjå, har medbestemming når det gjeld barns utdanning, jf. Barnelova § 30. Det må difor forutsetjast at denne er inneforstått med søknad om permisjon.

Lenkje til søknadsskjema finn ein på kommunen si heimeside. Eventuelle spørsmål om ordninga kan rettast til skulen ved rektor.

<https://www.lom.kommune.no/tenester/oppvekst/lom-ungdomsskule/permisjon/>

Dersom føresette klagar på vedtaket, skal klaga fyrst behandlast på nytt av skulen. Dersom vedtaket vert oppretthalde, vert klagen sendt til Statsforvaltaren i Innlandet.

Ved handsaming av klagar på avslag om permisjon ser Statsforvaltaren på om skulen har handsama søknaden i tråd med opplæringslova, og etter alminnelege forvaltningsrettslege reglar. Statsforvaltaren har som praksis at skulens avslag om permisjon ikkje vert overprøvd. Desse reglane skal mellom anna beskytte mot usakleg forskjellsbehandling, vilkårligheit og at det vert lagt vekt på utanforliggende tilhøve.

## 10. Oversending av klagesak

I ein eventuell klagesak vil følgjande dokument verte sendt til klagenemnd/ evt. Statsforvaltaren:

- Rektors oversendingsbrev.
- Føresettes søknad.
- Rektors individuelt grunngjevne enkeltvedtak.
- Føresettes klage.
- Eventuell dokumentasjon.